

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

Påske 2023

Nr. 1 Årg. 2

God Påske

Ved dag gry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp.

- Lukas 24, 1-6a -



Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: Mandag - Torsdag kl. 09.00 - 15.00.



Kyrkjevevje

Torstein Aarthun

Mobil: 951 24 964

torstein.aarthun@kvinnherad.kommune.no



Dagleg leiar, kyrkjelydsarbeid

Jan-Ove Fagerheim

Mobil: 913 45 042

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjersti Brakestad Boge

Mobil: 952 62 022

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjetil Kringlebotten

Mobil: 413 06 667

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no



Kantor

Eva Megyesi

Mobil: 955 20 899

micacica@online.no



Organist

Marit Lindekleiv

Mobil: 482 54 819

mlindek@online.no



Einingsleiar i Trusopplæring

Kristine Hestad

Mobil: 971 95 370

kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Alf Jarle Langeland

Mobil: 488 95 728

alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Idar Bjørgen

Mobil: 488 95 732

idar.bjorgen@kvinnherad.kommune.no

I tillegg til desse har me og nokre mindre stillingar knytt opp til ei, eller nokre få, av kyrkjene våre.

Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:

Rita Isdal Cunningham,
Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy,
Kristian Bringedal og Airin Helene Zimmer

Fungerer dessverre
ikkje med SMS
(tekstmelding).



Telefon: 90 53 19 10

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kyrkja.no



Konsulent

Ingrid Sundal

Mobil: 907 76 149

ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no



Kontorsekretær

Ann Helen Collins

Mobil: 940 12 615

ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Carsten Mrusek

Mobil: 916 63 816

mrusek.carsten@gmail.com



Sokneprest

Åse Selsvold

Mobil: 456 05 184

ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no



Organist

Rebekka Attramadal

Mobil: 411 06 952

rebekka.attramadal@gmail.com



Trusopplærar

Toril Langeland

Mobil: 909 58 898

toril.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Helge Furdal

Mobil: 995 12 585

helge.furdal@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Johannes Solheim

Mobil: 976 10 810

johannes.solheim@knett.no



Vil du gi ei gåve til bladet...?

VIPPS nr.: 537407

Bankgiro:
3208.27.67117

Redaktør og layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk og distribusjon: Grenda

Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april: Gler seg til å juble for påska

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — *Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.*

— *Er påska relevant i vår tid?*
— *Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.*

— *Kva ser du fram til ved å bli biskop?*
— *Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. — Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.*

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. — *Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.*

— *Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?*
— *Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?*

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. — *Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt*



Foto: Jens Z. Meyer

kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

— *Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?*

— *Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.*

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

www.kvinnherad.kyrkja.no



Prestevigsel i Husnes kyrkje

På Maria Bodskapsdag, ein av dei kyrkjelege høgtidsdagane, var det dobbel høgtid i Husnes kyrkje. Då vart Åse Selsvold vigsla til prest av avgåande biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug. På Maria Bodskapsdag minnest kyrkjelyden at ein engel kom heim til jomfru Maria og fortalde at ho skulle bli mor til Guds son og kalla han Jesus.

Det vart ei fin stund i kyrkja denne solsdagen sist i mars månad. Klokkar Liv Slettemark kunne ønskja velkomen ei nesten fullsett kyrkje. Ho opna med å seia at dette var ein stor dag for kyrkjelyden og Åse, som har fungert som prest i Husnes og Holmedal sokn i eit par år.

Ikkje mindre enn sju prestar, med biskop Halvor Nordhaug og prost Svein Arne Theodorsen i spissen, deltok i inngangsprosesjonen.

Toril Langeland gjekk føre og bar krossen. Andre medverkande i høgtida var soknerådsleiar og klokkar Liv Slettemark, Johannes Solheim og Oddbjørg Kloster. Kantor Eva Megyesi sat ved orgelet. Kvartetten Ære song vakkert frå galleriet. Aslaug Hellesøy, Eva Megyesi, Kristian Bringedal og Svein Rimestad var med der.

Den formelle prestevigsla var del av ei gudsteneste. Prost Svein Arne Theodorsen hadde ein kort presentasjon av ordinanden, altså Åse Selsvold. Han bad for medarbeidaren i kyrkjelyden, om at ho må forkynna evangeliet sant og rett og forvalta sakramenta på beste måte. Biskopen bad også for ordinanden.

- Lat denne heilage handlinga vera til velsigning og framgang for ditt rike, sa biskopen.

Prestane Carsten Mrusek, Kjetil Kringlebotten, Torstein Aarthun og Kjersti Brakestad Boge deltok med skriftlesing.



I vigslingstalen gratulerte biskopen Åse Selsvold med den store dagen og la til at det òg er ein stor dag for kyrkjelyden. Han omtala seg sjølv som gamlebispen og sa at det var hyggeleg for han å koma til Husnes, «der sola alltid skin».

- Eg er imponert over det arbeidet Åse har gjort, ho har gjort unna teologistudiet, dei seinaste åra har ho hatt full jobb i tillegg og dessutan ansvar for eigne born. Det vitnar om ein sterk vilje til å arbeida og følgja kallet til å bli prest. No får du svar frå kyrkja, du møter kyrkjas kall og vi trur òg det er eit kall frå Gud, sa biskopen mellom anna.

Som synleg prov på at ho er retteleg prest, fekk ho fullmaktsbrev frå biskopen, med påminning om ansvaret ved forkynninga og for å forvalta sakramenta. *- Kyrkja vil be om at Den Heilage Ande vil setja deg i stand til å utføra oppgåva. Vi trur at Gud gjev nådegåver og utrustar oss til teneste, sa biskopen.*

Han la til at trass i ordinanden sin sterke motivasjon og pågangsmot, vil ho òg møta motgang og kan henda bli motlaus. Så lenge du står i tenesta, har du kallet, det vil følgja deg og du kan kvila på Gud og Den Heilage Ande. Vi ber om at Guds nådegåver vil flammas opp i dag og gje deg kraft, kjærleik og visdom.

Biskopen formana ordinanden om å forkynna Guds ord reint og forvalta sakramenta på rett måte og trufast forkynna til tru og omvending og at ho sjølv må leva etter Guds ord.

Ved alteret lova Åse Selsvold biskopen og kyrkjelyden at det vil ho gjera. Prestane som deltok i handlinga la handa på ordinanden og ba for henne om at Gud må rettleia henne og vera med henne i motgang og prøvingar og at gjerningane hennar må bera frukt.

Deretter kunngjorde biskopen at Åse er retteleg kalla til å vera prest i vår kyrkje.

Så sa biskopen: *Snu deg mot folket – og de kan ta imot henne med ein god applaus!* Og så vart gjort.

No har vi overgitt Åse til Gud, og la oss ta imot henne med glede! sa biskopen til slutt.

Så var det den nyvigsla presten sin tur. Ho entra preikestolen i Husnes kyrkje og tala med klår røyst og tydeleg språk over teksten på Maria Bodskapsdagen.

Maria var ei ung jente, kanskje berre 14 – 15 år gammal. Det kom ein engel på besøk og fortalde at ho skulle bli mor – til Guds son. Det er rimeleg å tenkja seg at Maria fekk sjokk, kanskje var ho åleine heime då engelen banka på døra og fortalde at ho skulle få eit barn.

- Ingen kan tenkja seg at noko slikt kan skje med vanlege folk. Eg veit at dette er vanskeleg å tru på og forstå, sa den nyvigsla presten.

Legg vekk det uforstålege med jomfrufødselen, me kan berre erkjenne at i denne hendinga vart Gud menneske, ifølgje vår kristne tru kom Gud til oss i denne hendinga. Guds nåde er frigjerande, ei ungjente vart gjort i stand til å gjera det største – Guds nåde er grense-sprengjande. Tilliten Maria viste Gud overgår det meste. Ho sette livet på spel, risikerte sitt sosiale renommé, men ho tok oppdraget. Ho var eit heilt vanleg menneske som fekk i oppdrag å bera fram ein frelsar. Når Gud kunne bruka Maria, kan han bruka kven som helst, sa Åse.

Ho minna om at på denne dagen i 1961, då vart den første kvinnelege presten i landet, Ingrid Bjerkås, vigsla til prest på Hamar. Ho sa i si ordinasjonspreike: Vi må lære av Maria. Lat det vera oppmodinga til oss i dag, at me får høyra at Herren er med oss.

Det kan vera vanskeleg å tru på jomfrufødselen, men hugs: Ingenting er umogleg for Gud. Ikkje tenk meir på det, var oppmodinga frå presten Åse Selsvold.

Etter nattverden baud soknerådet på kaffi og kake og det vart bore fram ei rad helsingar til presten Åse Selsvold på den store dagen hennar.

*Text: Sjur Tjelmeland
Foto: Olav Svalland*



Ordinasjon

Ordinasjon eller vigelse er innviing til kyrkjeleg teneste, først og fremst presteneste. Ordinasjonen skjer ved at pretekandidaten, som også blir kalla ordinanden, kjem med ein lovnad til biskopen. Deretter kneler ordinanden medan biskopen, prestar og andre medverkande ber for ordinanden under handspålegging.

Dei evangelisk-lutherske kyrkjene ser ikkje på ordinasjonen som eit sakrament, slik som den katolske kyrkja, men som noko som gir den ordinerte rett til å forkynna Guds ord og forretta dåp og nattverd på vegner av kyrkjelyden.

I Den norske kyrkja er vilkåret for å bli ordinert at ein er tilsett i ei konkret teneste som krev fullmakt for å forkynna og forretta dåp og nattverd. Det krevst profesjonsutdanning i teologi. Før ordinasjonen må ordinanden ha ein ordinasjonssamtale med biskopen, som avgjer om ordinanden er klar for å bli ordinert. Sjølve ordinasjonshandlinga går føre seg under ei høgmesse der biskopen forrettar, assistert av prosten og tre til fem prestar.

Ved ordinasjonen lovar ordinanden at han eller ho vil forkynna Guds ord ifølgje Bibelen og vedkjenninga til kyrkja, forvalta sakramenta etter Jesu Kristi innstifting og kyrkjeordenen, formana kyrkjelyden til omvending, tru og heilaggjering, og dessutan sjølv å leva etter Guds ord og stadig halda fram med teologisk fordjuping.

Kjelde: Store norske leksikon



F.v.: Trusopplærar Toril Langeland, sokneprest Kjetil Kringlebotten, klokkar Liv slettemark, prost Svein Arne Theodorsen, sokneprest Åse Selsvold, kantor Eva Megyesi, biskop emeritus Halvor Nordhaug, kyrkjeverje Torstein Aarthun, sokneprest Kjersti B. Boge og sokneprest Carsten Mrusek.

Fint og praktisk med minnelund

Målet er at alle dei 12 kyrkjegardane i Kvinnherad skal få minnelund. Det er ein felles gravplass for dei som vel kremasjon i staden for kistegrav og ønskjer å bli gravlagde på minnelunden.

Husnes var først ute i Kvinnherad, der var minnelunden klar til bruk i 2017. Odd Fausk, som døydde i januar det året, var den første som vart gravlagd der.

Minnelund var noko nytt i Kvinnherad, i byane har ein hatt det i mange år.

- Dåverande kyrkjevevjerje, Arne Lindeklev, skreiv i avisene om at det var planar om minnelund i Kvinnherad, fortel Aud Sigrunn Fausk, enka etter Odd Fausk. Odd var kreftsjuk, og etter kvart forstod me kva veg det bar. Han var veldig for at han skulle få si grav på ein minnelund på Husnes, og eg var samd i det. Borna våre meinte òg at dersom faren ville det slik, så skulle han få det. Me må tenkja på kva som er praktisk. Eg bur på Langgot, nokre kilometer frå Husnes kyrkje. Eg meiner at gravene skal alltid vera velstelte. Det kan vera krevjande å halda ei vanleg kistegrav så fin som eg vil. Det kjem ein dag då eg ikkje kan køyra bil, og då ville det verta vanskeleg for meg å klara å halda grava så fin som eg gjerne vil.

Ho seier vidare at minnelund krev langt mindre plass enn ei tradisjonell grav. Å opparbeida ein gravplass er kostbart for kommunen.

På minnelunden er det alltid nokon som plasserer blomar, og lunden er laga slik at han er lett å halda i fin stand. Der er fellesareal til å setja blomar på. Urnene som er sette ned, er ikkje merkte. På steinen er det vakre metallplater, ei for kvar som har fått sin kvilestad der.

Der er stativ til å plassera blomar i, og det er plass til blomar og kransar ved foten av steinen. Då me var på staden tidleg i mars i år, var det 20 namneplater på steinen.

Aud Sigrunn Fausk vil gjerne ha sagt at ho og familien før gravferda fekk svært god hjelp frå kyrkjekontoret, ved Alf Jarle Langeland og Ingrid Sundal. Minnelunden var ikkje heilt ferdig, men dei heiv seg rundt og fekk gjort plassen klar så fort som råd.

Å gravleggja sine på minnelunden er praktisk når familien bur andre stader enn der den avdøde ønskjer å bli gravlagd. I minnelunden er det alltid velstelt, og der er felles plass for pynt og blomar.

- Det er ein fin tanke at blomane er for alle som er gravlagde der, seier Aud Sigrunn Fausk. Ho legg til at kommunen skal ha ros for at kyrkjegardane her er så velstelte. Der er òg ein benk der ein kan sitja og filosofera og minnast dei som er gravlagde der.

Det er flott at folk nyttar seg av minnelunden, det er ein fin stad å sitja og reflektera, seier Aud Sigrunn Fausk.

Dei som vel kremasjon, kan få sin eiga grav på kyrkjegarden der dei etterlatne kan setja opp ein vanleg gravstein, om dei ønskjer det. Også desse gravene krev langt mindre plass enn ei kistegrav.

Gravferdsseremonien ved kremasjon er den same som for dei som skal gravleggjast på tradisjonell måte, bortsett frå at jordpåkastinga går føre seg inne i kyrkja.

Urnedesetjinga er ei privat sak som familien til vanleg tek seg av, og ikkje ei kyrkjeleg handling.

Sjur Tjelmeland

Aud Sigrunn Fausk er glad for den fine minnelunden på kyrkjegarden på Husnes.



Minnelunden i Uskedalen er på plass

Gravplassen i Uskedalen er den femte på lista i Kvinnherad med minnelund, eller «Namna minnelund» som det heiter på fagspråket. Arbeidet er gjort no på etterjulsvinteren.

Kyrkjekontoret sine eigne handverkarar, Helge Furdal og Alf Jarle Langeland (bilete), har gjort jobben med graving, planering og montering. Minneplata er i skifer og kjem frå Sollesnes i Hardanger. Før steinen kom på plass vart det laga fundament.

Det er mange fordeler med minnelund, både med omsyn til arealbruk og kostnad. Til no er det tilrettelagt for minnelund i desse sokna: Kvinnherad, Husnes, Eid og Holmedal. Den siste som kom til var altså Uskedalen.

Ein minnelund er eit godt alternativ til vanleg gravstad. Dette gjeld ikkje minst for pårørande som bur langt borte frå Kvinnherad. På minnelunden vil det alltid vera rydda og stelt. Det er høve til å setja ljøs og blomar i ein dertil eigna installasjon. Plassen er tilrettelagt som ein liten rasteplass med benk, ein fin plass for refleksjon og ettertanke.

På minnesmerke finn du skiltet MINNELUND. Den som vel minnelund vert kremert og urna vert sett ned i jorda ved minnesteinen.

Kristian Bringedal



Ingeborg Refling Hagen i Valen kyrkje

Tidleg i mars kom Berit Tversland til Valen kyrkje og heldt foredrag om Ingeborg Refling Hagen. Berit Tversland er kulturformidlar og har m.a. vore kabinettssekretær på Det kongelige slott i Oslo. Soknerådet var arrangør. Det vart ei svært interessant kveldsstund for dei som var til stades.



Berit Tversland er tidlegare norsk hofftenestekvinne. Ho var kabinettssekretær ved Det kongelige hoff frå 2000 til 2012. Ho er kjend som ein av kongefamiliens næraste medarbeidarar gjennom fleire år.

Emnet for foredraget var Ingeborg Refling Hagens (1895 – 1989) liv og diktning. For eit par år sidan kom det ut ei bok om Refling Hagen, som var ein av våre mest produktive og markante forfatarar. Ho skreiv minst 70 bøker, stundom to i året. I 2020 kom bokverket *“Det brenner en ild” - Ingeborg Refling Hagen – dikter, formidler og aktivist.*

Berit Tversland er redaktør for denne boka. Eitt av måla med boka er å auka kunnskapen og interessa for forfattarskapen og det mangfaldige kulturarbeidet Ingeborg Refling Hagen stod for. Ho hadde ei eineståande evne til å sjå verda frå andre stader enn sin eigen. Refling Hagen kritiserte fascismen og nazismen og vart arrestert og sett i fangenskap på Grini i Oslo. Der vart ho utsett frå harde forhøyr. Ho overlevde ved å spela idiot og lata som om ho var smitta av difteri. Tyskarane var livande redde smitte. Refling Hagen var utruleg uthaldande. På Grini svelttestreika ho til ho vog berre 30 kilo.

Ho heldt motet oppe ved å lesa og skriva om dei store litterære klassikarane, både norske og utanlandske. «Frihet er en medfødt rett», skreiv ho, og krov at alle fangar skulle setjast fri. Særleg var ho oppteken av born og kvinner sin rett til fridom. Ho slapp ut i 1943, men heldt fram med å spela rolla som «galen» til krigen var slutt.

Ho kjempa intenst mot fascismen, som i mellomkrigstida voks fram i delar av Europa. Ho møtte motstand frå m.a. det radikale Dagbladet, som syntest det var ille at ho fornærma statsleiarar i andre europeiske land.

Berit Tversland opplevde sjølv Ingeborg Refling Hagen som rettleiar i studiet av klassisk litteratur. Litteratur kan vera ei hjelp til å læra og kjenna att oss sjølve som menneske. Eventyr er ikkje berre fantasi og eventyr. Eventyr er ei forteljing om oss sjølve.

Etter siste verdskrigen arbeidde Ingeborg Refling Hagen for å oppretta lesefellesskap i Oslo for mødrer og born. I det gamle norske samfunnet var det vanleg at naboar kom innom og tok seg tid til å fortelja. Mytar og eventyr er fulle av gammal visdom som ligg att som glør som kan tenna ein eld av fantasi i menneske.

Refling Hagen voks opp saman med mor og tre søstrer på Hedmark under harde kår. I ung alder kom ho til Oslo. Ho hadde ikkje råd til å studera på universitetet. I staden lånte ho bøker på biblioteket, las på eiga hand og skaffa seg kunnskap jamgodt med universitetsstudiar. Ho var særleg oppteken av fascismen, ho skreiv bok om Mussolini i Italia. Kyrkja så vel som den rike overklassen støtta opp om han og ein politikk som gjekk hardt ut over bondestanden og vanlege folk elles.

I dag er det òg vaklande demokrati i Europa; m.a. i Polen, Ungarn, Hellas og Ukraina. Vi har alle saman eit ansvar for det som skjer i Europa. Dei kreftene som står bak desse tendensane, er noko av dei same som stod bak fascismen i mellomkrigstida.

Ingeborg Refling Hagen skreiv òg dikt og ei litteraturhistorie for born. Boka *“Det brenner en ild”* består av artiklar, biografisk stoff og tankar frå folks møte med Ingeborg Refling Hagen og forfatterskapen hennar. Der er også dikt og andre utdrag frå den store litterære produksjonen hennar. I boka teiknar forfatter Vigdis Ystad eit bilde av Ingeborg Refling Hagen som modernist og ekspresjonist. NRK-journalist Simen Ekern har skrive artikkelen *“Det er vi som står vakt om Europa”*. Der fortel han om Italia og fascismens frammarsj mellom 1. og 2. verdskrigen. Mange fleire kjende skribentar er òg med i boka. Der er kjende røyster frå Einar Gerhardsen, Hans Børli, Alf Prøysen og fleire. Dei fortel om sine møte med Refling Hagen. Lesarane får del i ukjent arkivstoff frå Nasjonalbiblioteket og frå private arkiv, like eins forfattarens egne dagboknotat.

I sjølvbiografiske bøker skildrar ho motstandskampen, fangenskapet under krigen og kampen mot dødsstraff. Komponisten David Monrad Johansen vart dømd til fem års tvangsarbeid etter krigen, fordi han hadde vore medlem i NS. Han melde seg inn for at han skulle få lov til å halda fram med musikken, men støtta ikkje okkupantane aktivt. Ingeborg Refling Hagen meinte straffa var svært urimeleg og kjempa for at han skulle bli sett fri.

Sjur Tjelmeland

Ei songglad stund

saman med prest, musikar, forfattar og artist Ivar Skippervold

Songgruppa Singing Tweens inviterte til ei songglad stund i Uskedal kyrkje fredag 10. mars. Med seg hadde dei den kjende musikaren og presten Ivar Skippervold. Saman framførte dei ei rekkje songar både i samsong med Skippervold og åleine som eit barnekor. Rebekka Attramadal stod for tonefylgje.

Ivar Skippervold (f. 1949) er multikunstnar og engasjerer born og vaksne med ein klar kristen budskap. Han markerte seg sterkt i det som vart kalla Jesusbevegelsen på 1970-talet, og var med på å etablere dei fyrste multireligiøse festivalane i landet.

Ivar Skippervold har arbeidd med radio og TV og er musikar, tekstforfattar og artist. I dag er han pensjonist, men likevel framleis sokneprest i Den norske kyrkja.

Kristian Bringedal



To sokn vert eit sokn

Hatlestrand sokn og Ølve sokn har no søkt biskopen om å bli eit sokn frå neste soknerådsperiode. I praksis betyr dette eit sokneråd som vil syta for heile det området, og det som skjer i Ølve kyrkje og Hatlestrand kyrkje. Dette vil ikkje få fylgjer for guds-tenestefrekvens, men soknerådet vil få eit breiare ansvarsområde reint geografisk. Ved soknerådsvalet

til hausten vert det difor ei liste for det som i dag er Hatlestrand sokn og Ølve sokn. Før søknaden vart sendt biskopen var det soknemøte i begge sokn, og det har vore ei prosjektgruppe som har arbeidd og utgreidd saka. Namnet på det nye soknet er endå ikkje klart, men inntil nytt namn er formelt vedteke får vi bruke «Ølve og Hatlestrand sokn».

Gåve til bladet

Tre gonger i året kjem Kyrkjelydsblad for alle sokna i kommunen i postkassa til alle som mottek spreings-nummer av Grenda.

Me som jobbar med bladet håpar sjølvsgt det er mange som set pris på innhaldet og vil vera med på denne satsinga. Det er mykje flott som rører seg i kyrkjelydane våre, som fortener å få fokus.

Utan støtte frå det lokale næringslivet og gåver frå privatpersonar kan me ikkje laga dette bladet slik me gjer det idag.

Takk til kvar og ein av dykk som ynskjer å vera med og gje ei frivillig gåve.

NB! Giroen som er trykt her på denne sida er berre ein illustrasjon, og kan dessverre ikkje nyttast i Brevgiro eller i banken.



Du kan gjerne gje ei gåve til bladet på

v:pps

Vipps-nummer: **537407**



Betalingsinformasjon		GIRO		Betalingsfrist	
Gåve til Kyrkjelydsbladet		Underskrift ved girering			
Betalt av		Betalt til			
		Kyrkjelydsbladet Klubbavikjo 9 5451 Valen			
Belast konto				Kvittering tilbake	
Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer	
H		< >	3208 27 67117		

Frivilligfest

Kyrkja er heilt avhengig av eit stort frivillig arbeid. Husnes og Holmedal sokn inviterte dei som er med i dette arbeidet til Frivilligfest i Valen kyrkje 9. mars. Mellom 50 og 60 kyrkjelydsarbeidarar kom og fekk ei hyggeleg kveldsstund i lag.

Nokre av dei frivillige har vore med lenge, somme i eit par tiår eller meir. Dei har til saman utført fleire årsverk i frivillig arbeid for kyrkjelyden.

Soknerådsleiar Liv Slettemark ønskte velkomen og sa m.a. at takk vere dei frivillige kan kyrkja vera meir synleg i soknet. Jan-Ove Fagerheim, leiar på kyrkje-kontoret, samanlikna dei frivillige med fotballtrenarane som store delar av året er ute allslags ver og skaper meningsfull aktivitet for mange. Han la til at i det frivillige arbeidet er alle like viktige – og nødvendige.

Sokneprest Arild Steinsland i Sveio er ein kar som har ordet i si makt. Han kom til Kvinnherad på kort varsel og la vekt på at det er gøy å vera i lag og halda på med noko meningsfullt. Han hadde fått med seg at her omkring blir det gjort «vanvittig mykje» av frivillige for folk i kyrkjelyden. Arbeidet i kyrkjelyden har endra seg dei seinaste tiåra, frå tidlegare tiders «preikestol-prestar» som snakka til folk frå preikestolen, til dagens kyrkjelydsarbeidarar som i større grad lever blant folk flest, både unge og gamle.

I vår tids kyrkjelydsarbeid har dei frivillige ein svært viktig rolle.

I Sveio har dei samlingsplass i Gjenbruksløa. Der kjem folk i hopetal minst to dagar i veka og held kvarandre med selskap og held på med kjekke ting. Der er bruktbbutikk med ein omsetnad på rundt ein million kroner i året. Handelen har skaffa pengar til eit nytt soknehus, som no er nedbetalt. No bruker dei overskotet til diakoniarbeid i kyrkjelyden, noko gir dei til misjonsarbeid og resten går med til eiga drift.

Gjestene fekk gryterett til middag, og seinare kaffi og kaker. Musikk og song til festen sytte Trio Taffel for. Trioen er tre vaksne karar som framfører song og musikk til stor glede for andre. Dei byr på songar frå si ungdomstid, som framleis er vakre og vedunderlege å høyra på. Dei tre er Tor Bjelland på bassgitar, Steinar Haugan spelar gitar og syng, og Hans Dieter Gertz spelar munnspel.

I første avdeling framførte dei kjende og kjære songar. I andre bolken fekk dei publikum med seg på allsong. Eit begeistra publikum bad om ekstranummer og fekk høyra klassikaren No kjem ein vals av Johannes Kleppvik. Heilt til slutt samlast festlyden i kyrkjerommet. Organist Rebekka Attramadal spela piano og song vakkert til.

Sokneprest Åse Selsvold gav tilhøyrarane del i gode barndomsminne med på vegen. Dagleg leiar på kyrjekontoret, Jan Ove Fagerheim, avslutta festen med å seia fram den kyrkjelege vel-signinga og ønskte alle vel heim i den kvite og kalde kvelden.

Sjur Tjelmeland

- Bruk talentet ditt, ver med og gjer noko saman med andre, det blir dynamitt for kyrkjelydane våre, oppmoda Arild Steinsland.

VIDEO av "Trio Taffel" og nokre bilete frå Frivillig-festen finn du på kyrkja sin Instagram-konto ved å bruke denne QR-koden:



Påskevandring med barnehagane

I vekene før påske har me i ein god del år invitert dei eldste årskulla i barnehagane til kyrkja for å delta på påskevandring.

Born og vaksne møter i hovud-inngangen til kyrkja. Me ynskjer velkommen og pratar litt om at mange av borna like før jul var med på julevandring i kyrkja. Me er innom ein post der me ser krybba som Jesus-babyen låg i, skrina til dei tre vise menn m.m. Men no handlar det om at Jesus ikkje var baby heile livet sitt, han voks og vart ein vaksen mann.

Vidare får me høyra frå Bibelen om Sakkeus som fekk livet totalt forandra i møte med Jesus. Så er det den siste påske-veka til Jesus det handlar om. Borna stiller seg i to rekker og veiftar med "palme-greiner". Det er palmesøndag.

Turen går innom påskemåltidet og det at Jesus vaska læresveinane sine føter. Han tok på seg den oppgåva som tenarane egentleg hadde.

Me går vidare bort til eit lite bord med eit tent lys. Her får me høyra opplest frå Bibelen om at Jesus måtte dø. Lyset blir sløkt og me byrjar å spele trist musikk. Plutseleg skiftar musikken karaktér; Musikken blir gladare og lettare.

På denne måten får me fram at det slutta ikkje så trist med Jesus. Bibelen fortel at tredje dagen stod han opp frå dei døde og at han lever idag! Me samlar oss rundt

altarringen, tar bort eit svart teppe og pyntar altaret til gledesfest! "Maria Magdalena" kjem og fortel om gleda og jubelen dei opplevde påskedag.

Det er utruleg flott å få vera med på desse ulike vandringane me får ha med barnehage-born! Dei er så nysgjerrige og engasjerte. Dei føl så godt med på det som vert fortalt.

Me har lyst å seie takk for besøket til alle dåke me har fått vore på vandring med! Håpar me også neste år kan få til både jule- og påskevandringar!



Espira Halsnøy barnehage i Eid kyrkje.



Omnvikdalen barnehage i Kvinnherad kyrkje.

PÅSKEonsertar

USKEDAL kyrkje
mandag 3. april kl. 18.00

HUSNES kyrkje
tirsdag 4. april kl. 18.00

- Kvartetten "ÆRE"
- Dinu Serfezi (frå Sverige), bratsj
- Kantor Eva Megyesi, orgel/piano



STOD JESUS VIRKELIG OPP FRA DE DØDE?



STOD JESUS VIRKELIG OPP FRA DE DØDE?

Den kristne tro står og faller på om Jesu oppstandelse virkelig var en historisk hendelse. Bli med Thor Haavik i hans søken etter troverdigheten i oppstandelsen!

<https://troogmedier.no/oppstandelsen/>

Fredag 7. april

LANGFREDAGSSAMLING HUSNES KYRKJE kl 20.00

For Husnes og Holmedal sokneråd, Marit Lindekleiv

Ei ny påskefeiring står for døra. Ei feiring som skal minne oss om grunnlaget for trua vår, at Jesus døde og stod opp igjen.

Langfredag har i ei årrekke blitt markert med ei «Langfredags-samling» i Husnes-kyrkja. Med eit program bygt på den same, trygge «lesten», innbyr vi bygdefolket til kyrkja også i år.

Litt nytt er dikt-lesar som kjem frå Stord. Kari Bolette Kjølberg Lundal, er pensjonert Barnebibliotekar i Stord kommune. Ho har ei særleg utrustning når det gjeld formidling, noko det er stor grunn til å tru vil gje tilhøyrarane ei rik oppleving. Gode tekstlesarar, Kjersti Løseth og Toril Tjelmeland, vil også bidra til å levandegjere bodskapen.

Leif Kongestøl har gledd oss med songen og gitaren sin på fleire slike samlingar, og stiller villig opp også i år! Og som alltid før- orgelmusikk, allsong og gode illustrasjonar på storskjerm v/ J.O.Fagerheim!

Vonar at nett du finn vegen til kyrkja denne kvelden!



Eid kyrkje

Dåp

11.12. Hanna Jørgine Grøndal
11.12. Victor Televik
11.12. Noelle Sjø
11.12. Oliver Hjertås
25.12. Birk Bakke
22.01. Linnea Tofte Kaldestad
22.01. Luna Marie Sjø
22.01. Jenny Bjørnevik

Gravferd/bisetting

21.12. Torleiv Anuglen f. 1939
29.12. Svein Magnar Hillestad f. 1937
04.01. Svein Arvid Møller f. 1960
13.01. Sigve Norvald Landa f. 1931
14.02. Sigrid Eide f. 1930

Fjelberg kyrkje

Gravferd/bisetting

21.12. Hildur Sofie Vik f. 1919
25.01. Helga Ott f. 1943

Kvinnherad kyrkje

Dåp

15.01. Terje Lyngnes Tjelmeland
15.01. Selma Kårstad Lyssand
15.01. Lotte Onarheim
29.01. Amund Hanstvedt
29.01. Jesper Amundsen Tvedt
05.03. Isak Hellingsrud
05.03. Isak Ljostveit Tømmervik
05.03. Emma Helleland Sahr
19.03. Jon Zimmer Ludvigsen
19.03. Ronja Hardeland Kloster

Gravferd/bisetting

22.12. Johannes Hjelmeland f. 1941
22.12. Oddvar Mælen f. 1949
01.02. Olav Karstein Hjelmeland f. 1951
02.02. Jostein Guddal f. 1952
17.02. Turid Kayser f. 1951
07.03. Ivar Johannes Varanes f. 1951
17.03. Eli Margrethe Oppheim f. 1946
22.03. Johannes Seglem f. 1924

Husnes kyrkje

Dåp

08.01. Aurora Sundal Eriksen
08.01. Audun Steinsvik Tofte
05.02. Leah Overskeid-Tofte
05.02. Audun Røstbø Eikeland
19.03. Emma Leegaard Ring

Gravferd/bisetting

09.12. Hildur Ruth Marry Blokhus f. 1936
15.12. Kirsten Sylvi Vermedal f. 1952
28.12. Kari Kringlebotn Thiis f. 1940
06.01. Liv Åse Rødningen f. 1944
17.01. Aud Kirsten Rodriguez f. 1942
16.02. Magnus Botnen f. 1940
22.02. Peder Andreas Pedersen f. 1944
17.03. Harald Kristian Strand f. 1935
21.03. Olaf Emil Barstad f. 1928

Valen kyrkje

Dåp

12.03. Mari Oppheim Sahr

Gravferd/bisetting

15.12. Helge Martin Dahle f. 1944
03.01. Sigrun Johanne Eskeland f. 1937
17.01. Jan Walter Ask f. 1927
22.02. Eivind Skrødal f. 1968

Holmedal kyrkje

Dåp

29.01. Konrad Holmedal Saghaug
26.02. Frid Ersland-Larsen

Gravferd/bisetting

09.12. Knut Egil Hegland f. 1951
14.12. Astrid Storhaug f. 1944
20.12. Astrid Gurine Kjenes f. 1932
20.01. Hans Håkon Horgen f. 1933

Hatlestrand kyrkje

Gravferd/bisetting

13.12. Johannes Ask f. 1945
05.01. Helga Nærheim f. 1927
14.03. Eli Marie Jakobsen f. 1941

Uskedal kyrkje

Dåp

04.12. Althea Bauge
08.01. Håkon Bjørnebøle Lyngnes
26.02. Emil Kvamme Skaaluren
26.02. Ingeborg Synnøve Åsheim Myklebust
26.02. Ulrikke Tungesvik

Gravferd/bisetting

16.02. Roald Svensson f. 1965
03.02. Kristine Nernes f. 1923
19.01. Leon Gilbert Gundersen f. 1939
12.01. Per Johan Pedersen f. 1942
10.01. Jens Naasen f. 1930

Varaldsøy kyrkje

Dåp

01.01. Johannes Skjelnes

Ænes kyrkje

Gravferd/bisetting

16.12. Jens Johan Flatebø f. 1945

Ølve kyrkje

Gravferd/bisetting

24.02. Hallstein Moss f. 1953

Åkra kyrkje

Gravferd/bisetting

08.12. Arnhild Vikane f. 1944

Dåpskjolar og anna utstyr til utlån



Ikkje alle har ein dåpskjole tilgjengeleg. Det er heller ikkje eit plagg som vert nytta så ofte. I Kvinnherad har vi to dåpskjolar som kan lånast gratis i samband med barnedåp. Den eine heng i Kvinnherad kyrkje og den andre heng på kontoret på Valen, men begge kan sjølvsagt lånast og nyttast i alle kyrkjene våre. Marit E Totland har hekla den eine, medan den andre er kjøpt. Ta gjerne kontakt med oss på kyrkje-kontoret så kan de få sjå og prøva dåpskjolane.

Kyrkja har og lysestakar og anna til utlån i samband med gravferder. Spør gjerne etter, så hjelper vi deg.

Tlf.: 90 53 19 10

E-post: post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no



Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

Kyrkjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
02.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	KFUK-KFUM	Nattverd
06.04	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Prostirådet	Nattverd
06.04	19:30	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Blå Kors i Norge	Nattverd
06.04	19:30	Hatlestrand kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
06.04	20:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
07.04	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Nødhjelp	
07.04	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	
07.04	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	
07.04	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
07.04	20:00	Husnes kyrkje		Ikkje takkoffer	Langfredagssamling
09.04	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
09.04	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Frelsesarmeen	Nattverd
09.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Brandøy	Nattverd
09.04	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
09.04	15:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
09.04	17:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Det Norske Misjonsselskap	Nattverd
16.04	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Indremisjonssamskipnaden	
23.04	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Venskapskyrkje på Cuba	Samtalegudsteneste
23.04	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	NMS Shl-aksjonen	Nattverd
23.04	17:30	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Brandøy	Samtalegudsteneste
23.04	18:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Samtalegudsteneste
29.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Trusopplæringa	Konfirmasjon
29.04	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
30.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
30.04	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
30.04	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjon
06.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Åse Selsvold	Kirkens Bymisjon	Konfirmasjon
06.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
06.05	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjon
07.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	KFUK-KFUM	Konfirmasjon
07.05	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjon
07.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
07.05	15:00	Radiohola	Carsten Mrusek	Høylandsbygd bedehus	Friluftsgudsteneste. Ved dårleg vær går gudstenesta ut
07.05	18:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kirkens SOS i Norge	
13.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
13.05	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon





Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
13.05	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
14.05	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Framnes VGS	Konfirmasjon
14.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjon
17.05	10:00	Ølve kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	10:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	10:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Changemaker (Kirkens Nødhjelp sin ungd.org)	
17.05	10:30	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
17.05	11:15	Uskedal kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	12:00	Hatlestrand kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Misjon uten grenser	
17.05	12:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
18.05	14:00	Fatland/Gullhaug	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste. Grill-kyrkjekaffi etter gudstenesta
18.05	16:00	Kaldestad gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Kaldestad bedehus	Krossmesse
20.05	13:00	Vardhaugselet		Vardhaugselet	Friluftsgudsteneste
21.05	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
21.05	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjon
28.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Det Norske Misjonsselskap	Nattverd
28.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsbladet	Nattverd
28.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kirkelig Dialogsenter Bergen	
28.05	14:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	
29.05	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Misjonsalliansen	Nattverd
29.05	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet. Nattverd.
29.05	14:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet
04.06	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Familiegudsteneste Skaparverkets dag Fam.aktivitet etter gudstenesta
04.06	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Sareptemisjonen	Nattverd
11.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stefanusalliansen	Nattverd
11.06	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Menighetsfakultetet	Nattverd
11.06	17:00	Ølve kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kirkens SOS i Norge	Nattverd
11.06	17:00	Halsnøy Kloster	Carsten Mrusek	Frelsesarmeen	Klosterdagen
18.06	11:00	Holmedal gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Friluftsgudsteneste
18.06	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Evangeliesenteret	Nattverd
18.06	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stefanusalliansen	Nattverd
25.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Helgatun	Nattverd
25.06	11:00	Eid kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsbladet	
25.06	17:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kirkens Bymisjon	Nattverd
25.06	17:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd

NB! Det kan verta endringar i lista. Sjå etter annonser i lokalavisene, på www.kvinnherad.kyrkja.no eller bruk denne QR-koden på mobilen din:



Støtt annonsørane våre - Dei støttar oss!

**Husnes
MOTORas**
KAROSSERI OG MEKANISK VERKSTAD

TLF.: 53 47 15 11 • 5460 HUSNES

www.meca.no

M E C A



Halsnøy Trelast as

Åpningstider:
Mandag - Fredag: 9:00 - 16:30
Lørdag: 9:00 - 14:00

Telefon: 53 47 30 10
E-post: butikk@htrelast.no

www.htrelast.no

BYGGER'N
TEIGEN

Anne Maries
Blomster
Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91
annemariesblomster.no



TRONDS
MARINE SERVICE

SpareBank
SR-BANK



PB
www.pizzabakeren.no
Tlf: 53 47 22 13
PIZZABAKEREN™
HUSNES



HMR
www.hmr.no

Hardanger & Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt: 53 48 00 33 - Mail: post@hk-byraa.no

Denne annonse-plassen kan verta din!
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!
jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no
Mobil: 913 45 042



**GJE VATN TIL DEI SOM
TRENG DET MEST**

VIPPS til 2426

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2022
fasteaksjonen.no

Har du ikkje fått gitt di gåve til årets Fasteaksjon? - Du kan framleis gje på Vipps!



www.facebook.com/kyrkjakvinnherad

www.kvinnherad.kyrkja.no

Støtt annonsørane våre - Dei støttar oss!

**YOU
WHO**

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter



**Husnes
Tannlegesenter**

Månd. - fred.: 08.00-16.00

Tlf. 53 47 70 00

INTO ELEKTRO & RØYR

Sundsvegen 77 · 5450 Sunde
post@IntroElektro.no · post@IntroRoyr.no
www.IntoElektro.no



registrert elektriker

DIMMELSVIK BIL

-Din bil - Vårt fokus Telefon
53 48 30 60

Påske-tilbud

KVINNHERAD SPELET
NÅ: Kr. 150,-


Ordinær pris:
499,-

TILBUD!

Kr. 100,- pr spel
ved kjøp av 3 stk
eller meir.

Kvinnherad spelet

Ta kontakt: jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no - 91345042 - www.facebook.com/kvinnheradspelet



Kyrkjevalet 2023

10.og 11. september 2023 skal det veljast nye sokneråd og bispedømeråd.

Valet skjer på dei same dagane som det er kommunestyreval. Ved kyrkjevalet i 2023 er det, for første gong, mogleg å stemme digitalt.

Alle som er medlem av Den norske kyrkja og 15 år eller eldre i 2023, har stemmerett. For å stå på liste, må ein vere 18 år eller eldre.

Ved kyrkjevalet skal ein velje både sokneråd og bispedømeråd

Sokneråda har ein svært viktig funksjon i kyrkja. Dei skal handsame saker som gjeld kyrkjebygget, kyrkjegardane, og andre kyrkjesaker, og har ei aktiv rolle ved tilsetjingar i kyrkjelege stillingar. Arbeidsoppgåvene for rådet er varierte og interessante,

så viss du vil vere med å utvikle kyrkjelivet i Kvinnherad så ta kontakt med kyrkjekontoret, så set vi deg i kontakt med ditt sokneråd.

Bispedømeråda er styringsorgan på bispedømenivå, og tilset mellom anna prestane. Bispedømeråda utgjør hovedyngda av Kyrkjemøtet.

Påskemorgen slukker sorgen

Den danske teologen Nikolai F.S. Grundtvig (1783-1872) var svært produktiv og dikta 1500 salmar. 28 av desse har funne vegen inn i salmeboka vår. Under påsketida står det oppført "Krist stod opp av døde" og "Påskemorgen slukker sorgen". Begge desse har fått staselege melodiar av den norske organisten Ludvig M. Lindemann (1812-1887).

"Påskemorgen slukker sorgen" er ein mykje brukt påskesalme som er lett å syngja. Det er stor sjanse for at du finn han på salmetavla dersom du møter fram til gudsteneste i påska.

God Påske!

RA

Påskemorgen slukker sorgen

T: N. F. S. Grundtvig 1843

M: Ludvig M. Lindemann 1864

Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

Se, i skareropp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.